



KYSTVERKET

BLOM FISKEOPPDRETT AS
Ulvøyvegen 130
5337 RONG

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
	2023/708-3		Tormod Hjørungnes Engen	12.10.2023

Løyve til arealendring av akvakulturanlegg - Blom Fiskeoppdrett AS - Lokalitet Vikane - Masfjorden kommune - Vestland fylke

Kystverket viser til tiltakshavar sin søknad datert 06.01.2023 om løyve til arealendring av akvakulturanlegg. Vestland fylkeskommune har 03.02.2023 og 29.09.2023 vidaresendt søknaden med tilhøyrande dokument til Kystverket for handsaming etter hamne- og farvasslova.

Søknadar om akvakulturanlegg skal først handsamast av Statsforvaltaren, Mattilsynet og Kystverket etter sine regelverk og Fiskeridirektorat og kommune skal høyrast. Deretter fattar fylkeskommunen eit samlevedtak med heimel i akvakulturlova. Anlegget kan ikkje etablerast før fylkeskommunen har gitt sitt endelege løyve etter akvakulturlova. Vedtaket i brevet her er fatta med heimel i «lov om havner og farvann».

Vedtak

Med heimel i lov om havner og farvann § 14, 3. ledd bokstav a) får Blom Fiskeoppdrett AS løyve til arealendring av akvakulturanlegg for laksefisk på lokalitet Vikane i Masfjorden kommune, Vestland fylke, som omsøkt og i samsvar med vedlagt stempla kart.

Vert samlevedtaket frå fylkeskommunen etter akvakulturlova trekt tilbake av Fiskeridirektoratet, jf. § 9 i akvakulturlova, laksetildelingsforskrifta § 38 eller etter § 18 i forskrift om akvakultur (andre fiskeartar), fell dette løyvet bort.


Løyvet vert tildelt med følgjande vilkår, jf. hamne- og farvasslova § 16:

1. Ein skal utføre tiltaket som omskrive i løyvet og vist på vedlagt godkjenningsskart.
2. I god tid før etablering av akvakulturanlegget skal tiltakshavar sende inn melding om arbeidet til efs@kartverket.no. Meldinga skal innehalde informasjonstekst, posisjonar for arbeidsområdet, tidspunkt for oppstart og forventa ferdigstilling.

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Meldinga må sendast til Efs i god tid for å kome med i neste utgiving av Efs. (sjå frist på <https://www.kartverket.no/til-sjos/efs/innmelding-av-rettelser-til-efs>)

Det er tiltakshavar sitt ansvar å sjekke fristane

3. Når tiltaket er ferdigstilt, skal tiltakshavar sende inn melding om kartretting til Kartverket. Meldinga skal innehalde følgjande:
 - a) dokumentasjon om tiltaket 'as-built', helst digitalt format (*sosi, shape, gz*).
 - b) kart (i tenleg målestokk der tiltaket er nøyaktig innteikna)
 - c) posisjonar i WGS-84 datum

Informasjon om tiltaket sender ein til Kartverket via [Rett i kartet Sjøkart](#) eller til efs@kartverket.no. Kopi skal sendast til Kystverket post@kystverket.no (der ein viser til Kystverket sitt referansenummer).

Meldinga vert handsama så fort som mogleg. For å sjå om tiltaket er handsama riktig kan du følgje med på www.norgeskart.no. Vel kartlaget sjøkart eller elektroniske sjøkart.

Merk at ikkje alle tiltak nødvendigvis vert publisert som kartrettingar i Efs eller vert presentert i sin heilskap i kartet. Kartverket tek ei samla vurdering på grunnlag av målestokk, lesbarheit, anna nautisk informasjon i kartet og kor navigasjonskritisk presentasjonen av tiltaket er. Det er Kartverket som er offisielt sjøkartmynde og legg premissa for korleis tiltaket vert presentert i sjøkart.

4. Anlegget må forankrast/fortøyast forsvarleg slik at det ikkje driv av og kjem til fare for den ålmenne ferdsle. Forankringstaua skal vere nedsenka og festa på ein slik måte at dei ikkje under noko omstende flyt opp til overflata.
5. Merking skal skje i samsvar med [forskrift av 19.01.2012 nr 1329 om farvannsskilt og navigasjonsinnretninger § 5 andre ledd](#), og vedlegg 2 til forskrifta – Merking av akvakulturanlegg.
6. Ein må sjå til at tiltaket til ein kvar tid har forsvarleg vedlikehald.
7. Tiltakshavar skal omgåande syte for at alle element som losnar frå akvakulturanlegget inkludert forankringstau som flyt opp vert festa forsvarleg på rett stad eller fjerna. Dersom det straks ikkje let seg gjere å feste eller fjerne lause og/eller drivande element, pliktar tiltakshavar følgjande: Å melde frå til NAVCO telefonvakt 22 42 23 31 (vakt heile døgnet).
8. Når fortøyingar og anker vert lagt ut skal eksisterande installasjonar som kablar, røyr, leidningar og liknande sikrast, til dømes ved at dykkarar deltek under arbeidet. Eigargar av aktuelle installasjonar skal ha høve til å delta ved utlegging av anlegget.

9. Eit kvart ansvarsforhold og eventuelle erstatningskrav som følgje av tiltaket kviler på søkjaren.
10. Ved permanent opphøyr av drift/konsesjon på ein lokalitet skal ein syte for fullstendig opprydding og fjerning av installasjonar over og under vatn. For kartretting skal informasjon om dette sendast til Kartverket via [Rett i kartet Sjøkart](#) Kopi skal sendast til Kystverket til post@kystverket.no (der ein viser til Kystverket sitt referansenummer).

Dette vedtak frå Kystverket etter hamne- og farvasslova vert no sendt fylkeskommunen som grunnlag for eit samla vedtak etter akvakulturlova. Den samordna handsaminga får betydning for klagefristen, sjå meir detaljert om dette under avsnitt 5 Klage mv.

1 Bakgrunn for saka



Arealendringa som det vert søkt om er illustrert på kartskissa over til venstre der den enkle merdrekka parallelt med land er gammalt anlegg som vert bytta ut med ei dobbel merdrekke omlag 400 meter nordvest om det gamle. Flyttinga av anlegget er for å betre fiskevelferd og driftsvilkår og for å få anlegget meir i samsvar med gjeldande arealplan. Plasseringa i farvatnet er vist på kartskissa over til høgre og på vedlagt godkjenningsskart.

2 Aktuelt regelverk

Omsøkt tiltak kjem inn under hamne- og farvasslova § 14 som seier at tiltak som kan påverke tryggleik, ferdsle eller forsvars- og beredskapsinteresser i farvatnet ikkje kan etablerast utan løyve. I vurderinga om ein skal gje løyve skal ein og legge vekt på omsyna i formålsparagrafen (§1) om sikker og miljøvenleg bruk og drift av hamn og farvatn samt omsynet til eit konkurransedyktig næringsliv.

Det er Kystverket som har mynde til å avgjere søknaden, jf. § 14, 3. ledd bokstav a) og departementet si delegering av mynde til Kystverket.

Løyvet kan ikkje vere i strid med vedtekne arealplanar etter plan- og bygningslova, jf. hamne- og farvasslova § 14, 4. ledd. Er omsøkt tiltak i strid med slik plan må plan- og bygningsmynde, normalt kommunen, ha gitt dispensasjon frå planen.

Kystverket har og plikt til å følge reglane for sakshandsaming knytt til naturmangfaldlova. Denne lova skal sikre at naturmangfaldet vert vurdert ved utøving av mynde som røyver ved naturen. Tiltaket vert og vurdert opp mot § 12 i vassforskrifta for å sjå om det får konsekvens for miljømåla i den tilhøyrande vassførekomst.

3 Kystverket si vurdering av saka

I vurderinga om ein skal gje løyve til omsøkt plassering må ein vege dei ulike omsyna i saka mot kvarandre. Kva for nokre omsyn ein skal legge vekt på og kor stor vekt dei skal få må ein vurdere mellom anna i lys av føremålet med den aktuelle føresegna. Tilsvarande gjeld for eventuelle vilkår til løyvet. Omsynet til søkar talar for å gje løyve og vil verte vektlagt. For søkar er det av interesse å sikre ei formålstenleg drift ved anlegget. Andre omsyn det særskilt vert lagt vekt på er omsyna til den generelle ferdsle.

Tiltaket er i samsvar med arealplan og kommunen har i sin uttale ikkje merknadar til søknaden som gjeld ferdsle, trygt og framkomeleg farvatn. Etter Kystverket si meining vil den nye anleggsplasseringa ikkje få vesentlege konsekvensar for ferdsla. Dette med grunnlag i farvatnet sin naturgjevne topografi, sjøtrafikken si mengd, type og mønster i farvatnet ved lokaliteten og anlegget si plassering i forhold til navigasjonsinstallasjonane.

Ein føreset elles at kablar og fortøyingar til anlegget ikkje er til hinder for ferdsla og at bruken ikkje krenker naboegedom og retten til tilflott eller tilsvarande rettar for andre rettshavarar.

Vurdering etter §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Med den kunnskap Kystverket har frå Naturbase om naturverdiane på lokaliteten og tilgrensande område, kan vi ikkje sjå at tiltaket får særskild innverknad på marin og terrestrisk natur og artar av særskild verdfull, truga og sårbar karakter.

Vurdering etter § 12 i vassforskrifta.

Med den kunnskap Kystverket har om tiltaket sin karakter kan vi ikkje sjå at miljøtilstanden vert forringa eller at miljømåla i tilhøyrande vassførekomst ikkje vert nådd.

4 Konklusjon

På bakgrunn av vurderinga over kjem vi til at vi kan gje løyve til søknad om arealendring av akvakulturanlegg på lokaliteten. Det går fram av hamne- og farvasslova § 16 siste ledd at løyvet fell bort om tiltaket ikkje er sett i gong seinast tre år etter at løyvet vart gitt. Det same gjeld om arbeidet med tiltaket vert innstilt i meir enn to år. Kystverket kan forlengje fristen ein gong med inntil tre år. Vedtaket med vilkåra finn du framme i dette brevet.

5 Rett til å klage

Dette er eit enkeltvedtak som søkar og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på innan 3 – tre – veker etter at vedtaket kome fram.

Klageadgang må vere nytta før ein reiser søksmål om vedtaket si gyldigheit eller krav om erstatning som følgje av vedtaket, jf. forvaltningslova sin § 27b. Ein kan likevel sette fram søksmål når det er gått seks månadar frå klagen første gong vart framsett og det ikkje skuldast forsøming frå klagaren si side at avgjersla frå klagemynde ikkje føreligg.

Lov om havner og farvann regulerer ikkje nabo- eller eigedomstilhøve som då ikkje vert vurdert i saka. Kystverket føreset likevel at bruken ikkje krenker naboegedom, tilflottsrettar eller liknande rettar for andre. Søkaren er sjølv ansvarleg for å innhente naudsynt samtykke frå grunneigarar og eventuelle rettshavarar. Kystverket har ikkje ansvar for å følgje opp dette. Privatrettslege tvistar mellom partane vert avgjort anten gjennom avtale eller av domstolane.

Med helsing

Jan Morten Hansen
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum	5804	BERGEN
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Statsforvalteren i Vestland	Statens hus, Njøsavegen 2	6863	LEIKANGER

Vedlegg:

- 1 Godkjenningskart - Lokalitet Vikane - Masfjorden kommune
- 2 Vedlegg 2 - Merking av akvakulturanlegg
- 3 Orientering om klageadgang